



Ingmar Nordanger
Mykingvegen
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6175 - 14/18704

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
20.08.2014

Uttale om drifta på gbnr 209/3 Høyland i Lindås

Ingemar Nordanger fekk konsesjon for overta denne eigedomen i januar 2003, der det vart sett krav om bu og driveplikt.

Eg kjenner forholdsvis godt til denne eigedomen då det var eg som var sakshandsamar på saka om konsesjon og har hatt kontakt med Nordanger også i ettertid med spørsmål han har hatt til Landbrukskontoret om drifta på bruket.

Gnr 209 bnr 3 har eit total areal på 460 dekar der 40 dekar er registrert som fulldyrka jord, 8 dekar overflatedyrka jord og 51 dekar gjødsla beite. Ca 280 dekar produktiv skog og anna areal og myr er oppgjeve til 30 dekar. Det vert no arbeidt med å få tilrettelagd noko av det uproduktive arealet til fulldyrka jord, slik at det vil i næraste framtid verta 48 dekar fulldyrka jord 4 dekar overflate dyrka og 50 dekar gjødsla beite. Det er og under planlegging eit nytt dyrkningsfelt. Denne eigedomen har såleis eit arealgrunnlag som er godt over gjennomsnittet for ein landbrukseigedom i denne delen av landet.

Då Nordanger overtok eigedomen var det eit eldre våningshus der lite var gjort innvendig sidan tidleg på 60 talet og sjølve huset var i dårlegare forfatning enn det kunne sjå ut til å vera. Det var heller ikkje maskiner og reiskap som var tenlege etter dagens krav. Med nærare ettersyn, så var heller ikkje driftsbygningen særleg godt eigna for kjøttproduksjon med storfe.

Nordanger tok til med å bygga nytt våningshus og etter det var ferdig, så har han rusta opp driftsbygningen, kjøpt maskiner og utstyr og starta opp drifta på eigedomen med innkjøp av dyr og vil auka opp besetningen med eigen avl. Å auka opp ein besetning gjennom eigen avl, vil ta noko tid før han er i full produksjon, men han er no oppe 21 storfe. Likeeins vil det og ta noko tid før areala er rusta opp, slik at han når opp i full avling.

Mi vurdering av drifta på bruket er at dette er næring og ikkje hobby.

Med helsing

Nils Kaalaas
Fagleiar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:
Ingmar Nordanger

Mykingvegen 5913

EIKANGERVÅG